Blad i postabonnement

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim




KILSTRAUMEN
BRYGGE

Vi kan tilby overnatting i rorbuer, hytter, leiligheter og rom på vertshuset. Restaurantane våre, Salongen og Naustet er godt eigna for søndagsmiddag, familiesamankomster, konfirmasjon, bryllaup og andre store begivenheter som skal feirast.

Utleige av båtar og syklar
Vi tilbyr også catering og overtidsmat.

***Kilstraumen Brygge***
***post@opplevaustrheim.no***
***Mob. 948 53 975***


OKTOBER NUMMER 8 - 2017 - 46 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 14. NOV. 2017



# KYRKJEBAKKEN

*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

**Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?**

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

**Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim**
**Tlf. 56 16 72 90**
E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest: | Trefftid etter avtale |
| Kyrkjeverje: | |

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest Per Børge Hillestad | 93 44 29 19 |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn | 41 66 26 10 |


KYRKJEBAKKEN
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*

**Redaksjonen**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Austrheim sokneråd |
| Redaktør: | Svein T Villanger, |
| Redaksjon: | Jorunn Kårdal. |
| Bankgiro: | 3490.07.04196 |
| E-post: | kyrkjeba@online.no |
| Adresse: | 5943 Austrheim |
| Trykk og Design | Trykk-Service as |


# Gudstenester
## I AUSTRHEIM SOKN

**30.oktober - kl 11.00 – 12.30**
Babylunsj – Kyrkjelydshuset

**05.november kl 11.00**
Helgemesse. v/Per Børge Hillestad

**13.november - kl 11.00 – 12.30**
Babylunsj – Kyrkjelydshuset.

**17.november - kl 18.00**
Gudsteneste for alle

**19.november - kl 19.00**
Lysmesse v/Per Børge Hillestad m.fl.

**26.novmber - kl 19.30**
Sangkveld

**27.november - kl 11.00 – 12.30**
Babylunsj – Kyrkjelydshuset

**11.desember - kl 11.00 – 12.30**
Babylunsj – Kyrkjelydshuset







# Min salme

Då eg blei spurt om eg ville fortelje om "Min salme" her i KB. svarde eg ja med det samme, men det var Ikkje så enkelt slik eg først trudde.
Det er mange salmar som har gjort inntrykk og betydd mykje i ulike situassjonar i livet mitt.

Eg har alltid hatt eit nært forhold til den rike salmeskatten vår, noko eg har med frå barndomsheimen.
Nye salmar har komme til etter kvart.
Valget mitt landa på ein nyare salme, som frå fyrste gong eg høyre den gjorde inntrykk.

Jeg synger meg ein blå, blå salme.
Teksten er av Erik Bye. Den kom ut i 1994 og kom med i den nye salmeboka frå 2013.

Det er så lett og kjenne seg igjen i denne salmen. Eg vel og tru, at me som har levd ei stund, har kjent på godheit, glede og lykkelige tider, men òg det tunge og vanskelige.
Likevell har me mykje å takke for, og det kjem så fint fram i det andre verset.
Salmen har djupe såre tonar i seg, som røre meg innerst i sjela kvar gong eg høyre den.

I det siste verset ligg der ei trøst og eit håp i ei djup forankra Gudstru .
Det er godt og tenkje på når tvilen og motløya tyngjer som verst.

***God helg til alle.***
***Varm helsing***
***Karin Haugen.***



**Jeg synger meg en blå, blå salme**
**når dagen svinger hatten til farvel**
**og ror med sakte åretak mot strender**
**dit alle dager ror når det blir kveld.**
**Da søker jeg min hvile**
**ved treets trygge rot**
**mens sankthansormer gløder grønt**
**i gresset ved min fot.**
**Da synger jeg min salme.**

**Jeg synger meg en blå, blå salme**
**og takker for all grøde som ble min.**
**For lyse døgn, for barneskritt i tunet**
**og dine gode kjærtegn mot mitt kinn.**
**Men òg for våkenetter,**
**som aldri unte ro,**
**men ga min dag et dunkelt drag**
**jeg aldri helt forsto.**
**Nå synger jeg min salme.**

**Jeg synger meg en blå, blå salme**
**til deg, du Hånd som sanker og som sår**
**og senker deg med signing over jorden**
**med legedom for alle våre sår.**
**Som byr oss rette ryggen,**
**stå opp og gå i strid.**
**Med løftet hode skal hver sjel**
**gå inn i Herrens tid.**
**Så synger vi vår salme.**



# Kyrkjebøkene i Austrheim





## Døypte

| | |
|---|---|
| 01. oktober. | **Ola Midtun Skårnes** |
| 08. oktober: | **Oline Skårnes** |

## Gravlagte

| | | |
|---|---|---|
| 05. oktober: | **Marlene Chan Bergsvik** | **f 1957** |
| 13. oktober: | **Magnus Fonnes** | **f 1932** |



## Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2017/2018

| | Leveringsfrist | KB kjem ut |
|---|---|---|
| Nr. 09/17 | 14. november | 30. november ( julenummer) |
| Nr. 01/18 | 09. januar | 25. januar |
| Nr. 02/18 | 06. februar | 22. februar |
| Nr. 03/18 | 06. mars | 22. mars |
| Nr. 04/18 | 10. april | 26. april |
| Nr. 05/18 | 15. mai | 31. mai |

## Takk

til Austrheim Diakoninemd for
rosa eg fekk til 80 års dagen.
Også takk til rosebæraren Målfrid.

***Helsing Moritz Hopland.***



## Hjarteleg takk

til diakoninemda for den fine rosa eg
fekk til gebursdagen min.
Takk for hyggeleg besøk av Bjørg.

***Venleg helsing Sigrun Fonnes.***

## Takk

Takk til Austrheim Diakoninemd for den
fine rosa eg fekk til min 80 års dag,
Og takk til Kari Hatlevik
som kom med den!

***Helsing Svein E. Pedersen***




# Prisliste

| | |
|---|---|
| Maskinklipp | 250 |
| Herreklipp standard | 350 |
| Barneklipp | 250 |
| Dameklipp med vask | 550 |
| Dameklipp med vask og styling | 600 |
| Styling/Vask/Føn | 450 |
| Ettervekst | 500 |
| Farge kort hår | 750 |
| Farge langt hår | 950 |
| Striper kot hår | 870 |
| Striper langt hår | 1150 |
| Permanent kort hår | 600 |
| Permanent langt hår | 800 |
| Kur | 200/300 |

**E&E Frisorsalong**
Mastrevik Torg
Tel 477 212 00
Fb E&E Frisorsalong

**Apningstider:**
Man-Ons 9.30-17.00
Tor-Fre 9.30-18
Lordag 9.30-15

# BASAREN
## FOR SAMFUNNSHUSET VAR 16.SEPT.D.Å.

**Totalt kr 67.005,- kom inn.**

Dette fordelt på selde loddbøker og åresalg.

Hovedgevinsten, hagebord + 2 stoler, vart vunne av Borgny og Magnar Sætre.

*Takk til alle som kjøpte lodd, gav gevinster og som kom på basaren !*



# Litlås bedehus

**fredag 24. november kl 18.**

**Andakt, servering av mat, åresal og lynlotteri.**

**Det vert også sal av julebakst og andre ting.**

***Hjarteleg velkomne til alle!***

# Hagekveld
## 31. oktober -2017

**Det vert hagekveld på kafeen på Austrheim Samfunnshus tysdag 31. oktober kl. 19.30.**

**Kristin Voreland frå Atlier Flora, som er tidlegare Europamester i blomsterdekorasjon, vil vise bilder, og demonstrera kordan ein kan laga fine borddekorasjoner.**

**Servering av kaker og kaffi. Lotteri Inngangspenger: Kr 50,-**

**Hagekvelden er open for alle.**

**Velkommen**

***Arrangør: Hageselskapet Austrheim***

# Julemesse

**På Samfunnshuset**
**Lørdag 25. november**
**Kl 11.30 -15.00**

**Kafe**
**Salg av håndarbeid m.m**
**Trekning av loddbøker**
**Smålodd**

***Austrheim Husmorlag***

VERDT Å FÅ MED SEG DEN TRADISJONSRIKE

# BEDEHUSDAGEN

LAURDAG 18. NOV. ÅRÅS BEDEHUS - DØRENE OPNAR KL 13:00, PROGRAMMET BYRJAR KL 13:30.

**Bruktboksal, tombola, åresal, cafè og amerikansk auksjon**

**Andakt ved Per Børge Hillestad, song av Camilla og Ole Jørgen Storsæter**

Me tek gjerne imot gevinstar og brukte bøker om du ynskjer å støtte drifta av huset.

Dette kan leverast på bedehuset torsdag 16. nov kl 18:00 til 19:30. Evt kan du levere hjå Audun Gjerde, tlf 942 87 004, eller Grethe Monslaup, tlf 456 30 862. Vel møtt på Årås bedehus

***Vel møtt på Årås bedehus***




# DEN STORE BARNEHELGA

**I mange år har me feira søndagsskulens dag i Austrheim kyrkje. I denne samanhengen deler me ut bok til 4 åringane, og har ei samling for dei på laurdag. Etter kvart har me utvida denne helga til å gjelde 3-åringane også.**

Pyjamasfest for 3-åringar er ein kjekk time saman i kyrkja. Her fekk dei utforske kyrkja, Mia kateket fortalte om Noas ark på flanellograf som denne gong låg på golvet. Jostein organist var musikar og brukte gitaren og ukulelen til å syngje saman med dei 3-åringane som hadde kome i sin finaste pyjamas og beste kosebamse eller koseteppe. Foran altarringen var det laga til ei fin oppredd seng med massevis av bamsar, og her avslutta med kvelden med å syngje Kjære Gud eg har det godt. Då hadde me fått ete kvelds, leika, vert oppe på barnerommet på galleriet og øvd på songar til søndag, høyrd om Noas ark og spelt på orgelet.

Laurdag var det 4-åringane sin tur. Dei var invitert til bollefest, og det vart ein flott fest me hadde. Det var ein god gjeng med 4-åringar som kom, og me hadde det veldig kjekt saman. Jostein organist fortalte om sauen som gjekk seg bort, og det utløyste ein stor leiteaksjon i kyrkja. Den vart funne i skapet bak altaret, og det var jammen meg godt. For då vart gjetaren veldig glad. Me gjekk rundt i kyrkja og snakka saman om kva dei forskjellige tinga heiter.

Søndagsskulepresten Nils Arne Lavik var med for å vise kjolen, hoppetauet sitt og skjerfet, eller som nokon ville sagt, prestekjole og singulum og stola.
Han var og med opp på barnerommet på galleriet saman med 4-åringane, Mia Kateket og Jostein Organist. Der øvd me på songane til barnas festgudsteneste som skulle vere søndag. Så hadde me sjølvsagt boller, for kva er ein bollefest utan boller. Framme i kyrkja dekka me bord, og dei fekk forsyne seg så mykje dei ville med saft og bollar. Det var til og med kaffi til dei vaksne også.

Søndag var det duka til barnas festgudsteneste. Nils Arne Lavik var utan tvil først til kyrkja sidan han hadde satt campingvogna si rett utanfor. Det kan me vel kalla ein omreisande predikant. Denne dagen skulle både 3- og 4-åringane få utdelt boka si. Nils Arne fortalte om gutten som kom med matpakka si, og som Jesus klarte å mette 5000 med. Litt seinare i gudstenesta hadde me eit litt anna brødunder. Då fekk alle som ville komme til nattverd. Brødet som var Jesu lekam, og vinene som var Jesu blod. Her kunne du og få tenne eit lys i lysgloben.



Mia og Jostein delte ut bøkene til 3- og 4-åringane, og dei var flinke og stilte opp for å syngje til alle som var kome til kyrkja denne dagen. Takkofferet gjekk til søndagsskulen, bergen krets, og det var veldig kjekt å få lov til å gå rundt altaret for å gje gåva.

Tusen takk til alle 3-, 4-åringar og foreldre som var med oss denne helga! Tusen takk til trusopplæringsnemda som var med og arrangerte samlingane. Me vil og få takke Nils Arne Lavik som i år og kunne vere med på den store barnehelga. Me gler oss til neste år.

***Helsing Jostein Organist og Mia Kateket.***





# LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

---

**Søndag 29.okt** kl 11:00 **Møte:** Linda Nærøy

**Onsdag 8.nov** kl 19:00 **Israelsmøte:** Arvid Bentsen



Foto: dagen.no

**Søndag 12.nov** kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg Nattverd

**Søndag 26.nov** kl 16:00 **Familiemøte**

Jenfrid Stellberg blir med og forteller om hjelpearbeidet Chime i Uganda

Speiderne fra Royal Rangers Austrheim deltar

Kafè etter møtet til inntekt for Chime



Foto: mothercourage.no

## UNGDOMSKVELDER

**Fredag 27.okt** kl 19:30

**Fredag 10.nov** kl 19:30

**Fredag 24.nov** kl 19:30

## BØNNEMØTER

Onsdager kl 19:00

# «Austrheim sokn seljer sin trufaste slitar gjennom 21. år

Vi treng ny rider til neste år, men synes den gamle er for god til å skrotast.
Så om du likar å skru kan du få deg ein brukande rider som endå har litt å gå på..
Doningen som vert lagt ut for sal er ein Husqvarna Rider Pro 21 AWD 1996 modell.
Rideren har 4 hjulstrekk.
Hydraulikken er noko defekt.
Rideren vert lagt ut for sal med ein utgangspris på 2000 kroner og vert selt som den står. Ved pågang vert det lagt opp til ein bodrunde.

**Om dette er av interesse ta kontakt med kyrkjeverje**
**Leif Arne Økland på tlf 56 16 72 94.»**







# ÅRÅS BEDEHUS

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Søndag** | **29. okt** | **kl 11:00,** | Formiddagsmøte, Olav Andre Soltveit talar. |
| **Tirsdag** | **31. okt** | **kl 19:00,** | Bibeltime v/Helge Keilegavlen. |
| **Tirsdag** | **14. nov** | **kl 19:00,** | Bønnekveld |
| **Lørdag** | **18. nov** | **kl 13:00.** | Bedehusdagen |
| **Søndag** | **26. nov** | **kl 11:00** | Formiddagsmøte m/nattverd. Audun Hjellvik talar. |
| **Tirsdag** | **28. nov** | **kl 19:00** | Bønnekveld |
| **Søndag** | **10. des** | **kl 11:00** | Adventsmøte, Vegard Hetlebakke talar. |



Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no



**MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ**

• Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning • Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank • Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583




**Velkommen til Bosch Car Service!**
Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

BOSCH Service

**www.fosbilsenter.no** **Vi gjør alt for bilen din.**

BOSCH Service

**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik

**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

**Vi påtar oss store og små oppdrag!**
**Når kvalitet og service teller**

**SKARSVÅG**
**Rør og Interiør as**

MINI FRISØRSALONG

**ønsker velkommen**
**til gamle og nye kunder.**
**Vi treffes på Åråshøgda 10.**

Timebestilling:
Mandag,Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

***Alla Kurinna og Rieko***

MNTF

***Tannlege***
***Otto Førde***
***i Mongstadkrysset***

***Jeg tar imot nye pasienter***
***og yter akutt hjelp.***

***Telefon vakt 56 16 98 35***

**Per Kenneth Bø**
BYGGMESTER

**Panasonic**
**Varmepumper**

5937 BØVÅGEN
**Mob. 481 31 534**
**byggboe@online.no**

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**
**56 35 09 10**
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

**Gravminner**

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
**Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87**

# BIBLIOTEKET – OPNINGSTID

## HOVUDBIBLIOTEKET:

| | |
|---|---|
| **Måndag og onsdag** | **kl. 14.00 -19.00** |
| **Tysdag og fredag** | **kl. 10.00 -15.00** |

**Tlf.nr. 56 16 20 07**

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

## FONNES FILIAL:

| | |
|---|---|
| **Torsdag** | **kl. 14.00 -19.00** |

**Tlf.nr. 56 16 83 11**



E-post:
fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

***God bok***

# BASSENGET PÅ KALAND:

**Vi er ikkje heilt i mål med renoveringa på Kaland skule, men kan glede oss til oppussa garderobar.**

Symjehallen er også delvis renovert. Dersom arbeidet går som planlagt, kjem vi til å opne bassenget i midten av oktober.

***Austheim kommune***

# ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

| | |
|---|---|
| **1/1 side + bakside** | **kr. 1.000,-** |
| **3/4 – 2/3 side** | **kr. 750,-** |
| **1/2 side** | **kr. 500,-** |
| **1/3 side** | **kr. 350,-** |
| **1/4 side** | **kr. 250,-** |
| **Små annonser** | **kr. 150,-** |

**Korte takkeannonsar er gratis.**

# LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
**Legevakt 116117**

**Austrheim legekontor**
Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
**Kl.08.30 - 15.00.**
**Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**Årås helsestasjonen**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11
**Jordmor:**
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

| | |
|---|---|
| **Nordliheimen :** | 56 16 20 40 |
| **Nordliheimen/kjøkken:** | 56 16 20 49 |
| **Vestlia:** | 56 16 20 55 |
| **Heimesjukepleien:** | 56 16 21 23 |

(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)






Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også
• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knūter
CATERING
Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no





*Oppussing av gravmonumenter*

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



# SYNG DEG GLA' – I KYRKJA!

”Syng deg glad” – kveldane i kyrkja vår har gått inn i sitt 11 år. Sesongen 2017/18 starta søndag 17. september med Rigmor og Malvin som forsongarar og leiarar og Kari Tresnes og Jostein Hauge som musikarar. Denne kvelden stilte den songglade organisten / pianisten vår, han Jostein, med 2 songavdelingar, delvis med kjente og kjære songar, men og med ein del songtekstar og melodiar som han har skrive sjølv. Vakre bidrag, Jostein! Vakkert var det og å lytta til Kari sine fløytetonar.
Rigmor og Malvin har vore faste forsongarar sidan ”gla'songkveldane” starta. Når dei stiller opp i koropninga for å leia allsongen, er ”duettsongen” deira mest som eit bidrag i seg sjølv. Takk for trufast innsats og vakker song, og for den fine måten de batt songane saman på denne kvelden!

Gla'song-sesongen strekker seg frå september til ut i april, som regel med 2 kveldar haust og 2 vinter / vår. Innimellom er det songarar, songgrupper og musikarar utanfrå med på songkveldane.

Vi har ei vakker kyrkje, men mange av oss tykkjer den er aller vakrast på kveldtid når det mørknar ute og ljosa inne fyller kyrkjerommet. Ljosa, fargane og dei tregule veggene i kyrkja lagar ei spesiell stemning, gjev ein velsigna fred der ein sit i kyrkjebenkene. Ja, det er mest som at ein treng korkje song eller musikk for å kjenna at her er det godt å vera! Så ein tur til kyrkja vår på ein ”Gla'songkveld”, er god å ta med seg berre av den grunn! Men kan ein få med seg både denne kveldsfreden i kyrkja vår, plussa på med vakker song og musikk, så opplever mange av oss at ”gla'songkveldane” er ein god overgang til ei ny veke og for mange ei hektisk veke! Så velkomen til ”gla'song-kveld”.

***Neste songkveld er søndag 26. november kl. 19.30.!***



*På ”Syng deg glad”-kvelden søndag 17. september var Rigmor (Ludvigsen) og Malvin (Fonnes) forsongarar og Kari (Tresnes) og Jostein (Hauge) musikarar.*

# Nytt toalettanlegg og vaskerom på Kyrkjelydshuset

**Kyrkjekontoret har no fått på plass nytt toalettanlegg og eige vaskerom med handikap wc og dusj.**

Vi har fått eit moderne og godt tenleg anlegg som vi vil ha glede av i mange år framover.
Det gamle toalettanlegget var frå den tida skulebygget var reist, med andre frå midt på 1950-talet. Standarden på det gamle anlegget var frå ei anna tid, for å seia det slik. Difor er vi svært takksame for å kunna ta i bruk det nye anlegget, først og fremst til glede for staben ved kyrkjekontoret, men også for alle som leiger huset. Vi vil nytta høvet til å retta ein stor takk til Austrheim kommune som velde å prioritera dette prosjektet.
Fredag 6.oktober feira vi nyanlegget med ein felles lunsj saman med byggmeistrane Vidar og Vidar, saman med deira samarbeidspartar.

Som utbyggjar er vi godt nøgde med arbeidet som er utført og med samarbeidet vi har hatt med dyktige fagfolk i heile utbyggingsprosessen.













# 50 års konfirmantane 2017

11.juni 1967 vart 18 gutar og 16 jenter konfirmerte i Austrheim kyrkje.
Tre personar frå dette kullet er døde. Gjensynsgleda var stor då 17 frå dette kullet møtte kvarandre til gudsteneste og festleg samvær i Kilstraumen etterpå. Gudstenesta sette ei god ramme for resten av dagen med sin bodskap om at kvar og ein er invitert inn i Guds kjærleik, uavhengig av kven ein er, kva ein har lukkast med eller kva ein har mislukkast med. Det vart ei triveleg samling etter gudstenesta, der dei godt vaksne konfirmantane delte det dei ønskte frå liva sine. Det er eit stort privilegium for oss som arrangerte denne samlinga å få vera med på dette.

